



Statens vegvesen

Vestland fylkeskommune

21 SEPT 2020

Skyss
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Utbygging

Sakshandsamar/telefon:
Ellen Kristin Njøs Slinde /
57655795

Vår referanse:
20/9401-14

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.09.2020

E39 Stord – Os Varsel om oppstart av planarbeid

Statens vegvesen skal utarbeide statleg reguleringsplan for E39 Stord – Os i kommunane Stord, Tysnes og Bjørnafjorden. Vi ber med dette om innspel til arbeidet.

Bakgrunn

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet vedtok 5. september 2019 den statlege kommunedelplanen for E39 Stord-Os. Kommunedelplanen med konsekvensutgreiing skal ligge til grunn for arbeidet med reguleringsplan for strekninga.

Samferdselsdepartementet har i supplerande tildelingsbrev nr.23 i 2019 gitt Statens vegvesen i oppdrag å arbeide vidare med å redusere kostnader og auke nytten i prosjektet. I vedtaket til kommunedelplanen står det også at det i reguleringsplan skal leggst vekt på å ytterlegare avgrense inngrepa i verdifull natur.

Mål

For strekninga E39 Stord-Os er samfunnsmålet å knyte Haugalandet og Sunnhordland nærare Midthordland, samt knyte Stavanger og Bergensområdet nærare saman. Reguleringsplanen skal avklare framtidig løysing for europavegen på denne strekninga med veg i dagen, tunnelar, kryss, bruer og tilhøyrande anlegg.

Målet for prosjektet er å ha eit forslag til reguleringsplan som kan leggst på høyring i 2022. Meir informasjon finn du på prosjektsida <https://www.vegvesen.no/Europaveg/e39stordos>

Planområde

Postadresse
Statens vegvesen
Utbygging
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



394.2

334#1955:b5e6251d-f96f-483c-8db1-4c90be7a75c1:3

Planområde går frå Ådland på Stord via bru over Langenuen og vidare nordover på Tysnes til bru over Bjørnafjorden og blir kopla til ny E39 ved Svegatjørn i Os.

For å oppnå kostnadsreduksjonar og få mindre inngrep i område med miljøverdi foreslår vi nokre stader å gå utanfor korridoren som er bandlagt i vedtatt kommunedelplan. Dette utløyser krav om konsekvensvurdering/-utgreiing for dei områda som ikkje er utgreia frå før.

Kart over varslingsområde kan du finne på interaktivt kart <https://arcg.is/Cbqiy> og i vedlegget. Det er teke med areal i sjøen for samansetting av bru over Bjørnafjorden. Planområdet vil bli snevra vesentleg inn i reguleringsplanen.

Planprosess

Arbeidet er i statleg regi. Prosessen for ein statleg plan er tilsvarande som for kommunedelplan/reguleringsplan, men Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) er planmynde og tek endeleg avgjerd. Kommunane er høyringsinstansar.

[Her kan du lese meir om statleg plan \(Regjeringa\)](#)

I samband med reguleringsplanarbeidet skal det, for dei delane som ikkje er utgreidde tidlegare, gjennomførast ei konsekvensutgreiing (KU) for å sikre at viktige miljø- og landskapsomsyn blir vurderte. Det skal lagast eit planprogram som skal ligga til grunn for arbeidet. Målet er at planprogrammet skal leggast ut til offentleg ettersyn vinteren 2020/2021. I samband med høyringa vil vi arrangere informasjonsmøte. Dette blir annonsert i aviser og på [prosjektsida](#).

Framdrift og frist for innspel

Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til oss innan 30. oktober. Hugs å ta med evt. gards- og bruksnummer. Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til:

Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer

eller med e-post til firmapost@vegvesen.no. Merk brevet eller e-posten med «E39 Stord – Os».

Naboar og grunneigarar blir varsla direkte.

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12–8. Planen blir utarbeidd etter §§ 12–3 og 3–7.

Ta gjerne kontakt

Bruk gjerne prosjektet si felles e-postadresse E39StordOs@vegvesen.no

Har du spørsmål om planarbeidet kan du kontakte:

Ellen Slinde på telefon 57675795/99203238
 Lilli Mjelde på telefon 55516439/41462133
 Henry Damman på telefon 41526589
 Signe Eikenes på telefon 57655809/95191934

Vedlegg: Kart over varslingsområde

Utbygging
 Med helsing

Signe Eikenes
 Prosjektleder

Slinde Ellen
 Planleggingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

Bergen og Omland friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 BERGEN

Bergen og Omland Havnevesen, Postboks 6040, 5892 BERGEN

BIR AS, Postboks 6004, 5892 BERGEN

Bjergvin Bispedømme, Postboks 1960, 5817 BERGEN

BJØRNAFJORDEN KOMMUNE, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN

Bjornafjorden næringsråd,

BKK NETT AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN

Den Norske Kirke – Bergen kirkelige fellesråd, Vestre Strømkaien 7, 5008 BERGEN

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM

DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB), Postboks 2014, 3103 TØNSBERG

FISKERIDIREKTORATET REGION VEST, Postboks 185 Sentrum, 5804 BERGEN

FITJAR KOMMUNE, Postboks 83, 5418 FITJAR

FORSVARSBYGG, Postboks 405 Sentrum, 0103 OSLO

Fortidsminneforeningen, Hordaland avdeling,

Forum for Natur og friluftsliv,

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Bergen, Vestre Strømkaien 7, 5008 BERGEN

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

HAUGALAND KRAFT AS, Postboks 2015, 5504 HAUGESUND

KVINNHERAD KOMMUNE, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL

KYSTVERKET, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND

LUFTFARTSTILSYNET, Postboks 243, 8001 BODØ

Mattilsynet Region Sør og Vest, Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL



Miljøvernforbundet, Postboks 593 Sentrum, 5806 BERGEN
Natur og Ungdom, Postboks 691, 5807 BERGEN
Naturvernforbundet Hordaland, Bryggen 23, 5003 BERGEN
Norges Handikapforbund Bergen, Postboks 93 Nesttun, 5852 BERGEN
NVE Region Vest, Naustdalsvegen 1b, 6800 FØRDE
Riksantikvaren, Direktoratet for kulturminneforvaltning Pb. 8196 Dep, 0034 OSLO
Skyss, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Startsbygg v/ Strategi- og utviklingsavdelingen, avd. Plan, postboks 8016 Dep, 0032 OSLO
STATNETT SF, Postboks 4904 Nydalen, 0423 OSLO
STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM, Postboks 7800, 5020 BERGEN
STORD KOMMUNE, Postboks 304, 5402 STORD
Stord Næringsråd,
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM), Meatjønnsvegen 43, 5412 STORD
Sunnhordland Kraftlag AS, Postboks 24, 5401 STORD
Syklistenes Landsforening Bergen, Postboks 1111, 5811 BERGEN
TELENOR SERVICENTER FOR NETTUTBYGGING, BOKS 7150, 5020 BERGEN
TYSNES KOMMUNE, Uggdalsvegen 301, 5685 UGGDAL
Tysnes Næringsråd, Vågsmarka 9, 5680 TYSNES
VEST POLITIDISTRIKT, Postboks 85, 6901 FLORØ
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN